

NVE-Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

10.5.2015

Kommentar til innkomne merknadar – Øvre Redal kraftverk

Øvre Redal Kraft er eigd av grunneigarane i Redalen med rettar i elva. Tiltaket vil vere viktig for å sikre busetnad og økonomien ved einskildbruka.

I samband med at NVE har hatt søknaden om konsesjon for Øvre Redal kraftverk i Naustdal kommune på høyring har det kome inn fleire merknadar. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere ein del av innspela frå dei ulike høyringspartane:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Er av same oppfatning som utbygger. I detaljplanane for prosjektet vil vegløyisinga bli særskilt vurdert og tilpassa landskapet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Miljøvernavdelinga er skeptisk til utbygginga, både med omsyn til viktige naturverdiar og inngrep. Når det gjeld viktige naturverdiar vert desse teke i vare gjennom slepp av minstevassføring, samt at kraftstasjon er flytta lenger opp i elva.

Når det gjeld inngrep har tiltakshavar vurdert dette saman med entreprenør. Omsøkt alternativ er tilpassa landskapet og vert lite synleg frå fjorden og fylkesvegen.

Naustdal kommune:

Administrasjon og dei folkevalde i Naustdal kommune er av same oppfatning som utbygger. Vi vil understreke kommunen si haldning at inngrepa er lite synleg frå stadar der folk ferdast vanlegvis. Betre tilgjenge i området vil vege opp for eventuelle tap av naturkvalitetar.

Sogn og Fjordane Turlag:

Er av same oppfatning som utbygger med lokalskunnskap. Området er lite nytta i friluftssamanheng.



Diverse:

Fleire av høyringspartane peikar på av estimert produksjonsmengd er låg. For tiltakshavar vil tiltaket gje tilleggsinntekter for einskildbruka, noko som sikrar busetnaden i området.

I tillegg vil vi understreke at alle relevante forhold NVE finn naudsynt vil bli teke omsyn til i eventuell detaljplanlegging av anlegget.

Håpar på ei positiv handsaming av saka.

Mvh
Einar Tefre
Øvre Redal Kraft